



# ÅRSPLAN FOR ASKEDALEN BARNEHAGE 2023-2024



## Avdeling Oppe for dei yngste barna



Inngang



Garderobe/leikerom



Gang/leikeareal



Leikerom/stove



Kjøken

## Avdeling Nede for dei eldste barna



Inngang



Garderobe



Kjøken



Mat/forming/leikerom



Leikerom



Aktivitetsrom



Leikerom



Matrom/Aktivitetsrom

# VELKOMMEN TIL ASKEDALEN BARNEHAGE AS

Askedalen barnehage AS  
Askedalen 1  
6863 Leikanger

E-post: post@askedalenbarnehage.no

Nettside: [askedalenbarnehage.no](http://askedalenbarnehage.no)

## Telefon:

Avdeling Oppe: 57654412

Avdeling Nede: 57654413

## Mobil:

Styrar: Hilde: 90956720

## Eigarar:

Hilde: 90956720

Edith: 99393669

Inger-Lise: 95763430



Me oppmodar alle til å ta kontakt  
dersom de har spørsmål eller  
ynskjer å snakke

**Opningstid: mandag til fredag kl. 07.30 til 16.30**

# Kven er vi?

Askedalen barnehage AS er privat og vart opna i november 2008 av Edith Valeberg Eggum, Inger-Lise Knudsen og Hilde Valvik Menes.

Tidlegare Hovland bakeri vart lagt ut for sal vinteren 2008. Vi såg at bygget hadde store potensial og tenkte på ulike aktivitetar det var rom for ved å drive barnehage i sentrum. På den tida jobba vi alle tre i same barnehage.

Vi hadde eit stort ynskje om å fortsetta på eiga hand og drive det vi meiner er ein god barnehage. Vi starta aksjeselskap, kjøpte huset og prosessen var i gang. Dette vart den fyste private barnehagen i Leikanger kommune.



Askedalen barnehage ligg i sentrum mellom Fylkeshuset, Statens Vegvesen og Statens Hus. Med fjord og strand, store naturområde, arbeidsplassar, bibliotek, butikkar, fleir brukshall og med kort avstand til både skule og sjukeheim har vi mange alternativ og velja mellom.

Barnehagen opna i november 2008 med ei godkjenning for 20 barn i alderen 0-5 år på ei eining. Huset vart bygd i 1971. Hausten 2008 rusta vi opp andre etasje og har fått eit lyst og triveleg miljø. Hausten 2009 starta vi ei ny eining i første etasje. Vi har store, spennande rom og godt inneklima. Askedalen barnehage har to einingar. Vi gir tilbod til barn i alderen 1-6 år. Totalt er barnehagen godkjend for 42 barn, som i år utgjer om lag 56 plassar kvar dag. Vi har eit variert uteområde med moglegheiter for allsidige aktivitetar. Barnehagen har eigen parkeringsplass.

Askedalen barnehage føl sentrale norm for areal og bemanning. Barnehagen og kommunen har samarbeidsavtale og deltar i kompetansearbeid saman med alle barnehagane i Sogndal.

# Askedalen barnehage sine styringsdokument

Alle barnehagar skal byggje si verksemd på verdigrunnlaget og innhaldet som er fastsett i barnehagelova og på internasjonale konvensjonar som Noreg har sluttat seg til, t.d. er FN's barnekonvensjon sentral hjå oss. Barnets beste ligg til grunn i alt vi gjer.

## Lov om barnehagar:

Staten skal sikra at dei intensjonar og tenester som har ansvaret for omsorga eller vern av barn, har den standarden som er fastsett, særleg med omsyn til tryggleik, helse, bemanningsnorm og kvalifikasjoner samt kvalifisert tilsyn.

## Rammeplan for barnehagar:

Forskrift om barnehagens innhald og oppgåver. Ei forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd. Gir og informasjon til foreldre, eigar og tilsynsmynde. Her står tydeleg kva barnehagen sitt samfunnsmandat er.

## Barnekonvensjonen:

Vektlegg mellom anna barns rett til å uttrykkja seg. Barns medverknad.

## Barnehagen sine eigne styringsdokument:

Kompetanseplan, utviklingsplanar og årsplan er bygd på overordna lover og forskrifter, og speglar barnehagen sitt grunnsyn.

## Årsplan:

Årsplanen gir deg innblikk i vårt arbeid i Askedalen barnehage. Om du har barn i barnehagen, eller du ynskjer barnehageplass, vil årsplanen gi deg nødvendig informasjon. Årsplanen beskriv korleis vi arbeider i vår barnehage, verdigrunnlag ut frå rammeplan, kva vi vektlegg og kva vi grunngjev våre val med. Det skal vera eit styringsverktøy for oss som jobbar i barnehagen og dannar grunnlaget for detaljplanlegginga. Årsplan går frå oktober til oktober. Årsplanen skal godkjennast i samarbeidsutvalet SU. Det er månadsplanar og skriv som i praksis viser kva og korleis vi når måla vi har sett oss, kalenderformatet gjev berre nokre gitte datoar. Bruk kalenderen til å fylle ut resten heime.

## Tiltak for å ivareta kvalitet i barnehagen og halde oss oppdatert:

Delta på kommunale- og regionale kompetanseløft, aktuelle kurs, oppdatere oss på nye forskrifter og satsingsområde for barnehage, samarbeid med HVL om forskning og undervisning/fagartiklar, vidareutdanning, ta i mot studentar frå Høgskulen, og delta aktivt med barnehageutvikling lokalt og regionalt.

## SATSINGSMÅLE 2022/2024

- Førebyggjande arbeid, psykisk helsearbeid og arbeid mot mobbing. Ny mobbelov som kom 01.01.21 og gir barnehagane aktivitetsplikt. Askedalen har utarbeida sin eigen aktivitetsplan.
- BTI - betre tverrfagleg samarbeid - til barnets beste.
  - Læringsmiljøprosjektet - Robuste barne og unge
    - Barnehagen sitt eige ressursteam
    - Tidleg og god språkopplæring
- Ansvar for regionalt nettverk: Kreativitet, skaparglede og entrepenørskap - IKT
  - Foreldresamarbeid
  - Overgang barnehage-skule.

## **Velkommen til barnehageåret 2023-2024. Her er årsplanen til Askedalen barnehage**

Satsingsområda til Askedalen barnehage føl behova i barnehagen og samfunnet til ei kvar tid. Alle satsingar har ein samanheng og er knytt opp til rammeplan for barnehagar. Fokusområda er ikkje nye, men vert løfta opp utafrå dei behov vi ser barna og barnehagen har og er i stor grad styrt av vårt samfunnsmandat. Vi jobbar heilskapleg og styrkar kvaliteten der vi ser det er naudsynt. Ståstadanalyse hjelper oss til å kartlegge kvar vi er og kva vi må jobbe betre og meir med. Foreldreundersøking hjelper oss til å sjå om vi når måla våre, årsplanen syner val og praksis vi saman har utvikla og jobba fram over tid.

**Vårt overordna mål er å skape eit miljø for alle, prega av tryggleik, trivsel, glede og humor. Eit miljø som syner fleksibilitet der vi saman ser og skapar mogelegheiter, eit miljø til barnets beste. En grunntanke om at det vi vil - det får vi til.**

Dette er føresetnadar som skal ligge i botn for det daglige arbeidet på den einskilde avdeling. Vi legg vekt på at grunnsynet vårt skal speglast i både rutinesituasjonar og temaarbeid i barnehagen. Vi er oppteken av at det skal vere samsvar mellom det vi seier og det vi faktisk gjer. Vår visjon for arbeidet skal syne att i konkrete opplevingar av barnehagedagen. Vi set delmål som tek vare på barnas behov og føresetnader ut frå alder, utviklingsnivå og barnegruppa som heilskap - progresjon.

**Inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBOS) , kompetanseheving i god psykisk helse hjå barn, regional plan mot mobbing og BTI (betre tverfagleg samarbeid).**

Vi har særleg fokus på vårt ansvar for barn sin trivsel og psykiske helse i eit godt og trygt miljø. Gjennom dei regionale og kommunale prosjekta vi deltek i, auker vi kompetansen konkret i forhold til å fremme nettopp dette og korleis vi vaksne kan bli betre på å skape inkluderande læringsmiljø, observasjon og handling. Satsinga skal hindre at barna våre opplever mobbing og krenkingar. Mobbing i barnehagen er når eit einskildbarn systematisk over tid fornedrast av eit anna barn eller ei barnegruppe der maktfordelinga mellom dei er skeiv. Maktmidla som nyttast kan vere t.d. slag, spark, utesetjing eller ignorering. Det kan og skje at vaksne mobbar barn. Dersom vi opplever mobbing i vår barnehage har vi eigen handlingsplan mot mobbing i vårt HMS-system.

I januar 2021 fekk barnehagane ny mobbelov som betyr at vi alle har aktivitetsplikt om vi oppdagar mobbing. Dette svarar til skulen sin aktivitetsplikt §9a. I Vestland fylke har vi eige mobbeombod. Ho heiter Aina Drage, og skal hjelpe barnehagane i Sogndal kommune i arbeidet med trygt og godt barnehagemiljø. Alle kan ta kontakt med mobbeombodet på tlf. 57300333 eller [mobbeombod@vlfk.no](mailto:mobbeombod@vlfk.no)

### **Ansvar og roller.**

Barnehageeigar og alle som jobbar i barnehagen skal, med utgangspunkt i sine erfaringar og sin kompetanse, saman bidra til å oppfylle mål og krav i Rammeplanen. Barnehagen er ein lærande organisasjon der heile personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege og gode rollemodeller. Rammeplanen s. 15 beskriv nærmare barnehageeigar, styrar og den pedagogiske leiar sine roller i barnehagen.

## **Barnehagen sitt verdigrunnlag og samfunnsmandat:**

Barnehagen sitt verdigrunnlag skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle deler av barnehagen sitt pedagogiske arbeid. Barndommen har eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barnas utvikling. **Barnehagen sitt samfunnsmandat** er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sine behov for omsorg og leik og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Det står i barnehageloven § 1 at barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjørleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn som er forankra i menneskerettighetene (Rammeplan 2017).

Barnehagen sitt verdigrunnlag inneber at vi vaksne i barnehagen reflekterer og er medvitne korleis vi med vår kunnskap, haldningar og val best kan ivareta barndomen. Det handlar om kva syn vi har på barn og barn sin utvikling. Resultatet av refleksjonane utgjer vårt grunnsyn som vi jobbar etter og som stadig må justerast i takt med at behov og samfunnet endrar seg.

## **Askedalen barnehage sitt grunnsyn:**

-grunnsynet vårt speglar vår verkelegheitsforståing, verdiar og haldningar.

Vi har eit syn på barn og deira unike personlegdom som vi ynskjer å ivareta ein og ein, men og som del av fellesskap og gruppe. Vi har eit heilskapleg syn på barn og ser det som avgjerande at barn får utvikle seg i sitt eige tempo. Vi ser på barn som eit fullverdig menneskje her og no (med dei kjensler, tankar og meininger dei har) - ikkje noko dei skal bli! Barna må trivast, kjenne seg inkludert og ha vene. Vi ynskjer eit naturleg læringsmiljø for barn der dei får tid til barndom, tid til samtale, tid til glede, humor, lek og læring. Vi trur på ei praktisk tilnærming til læring, der barna får opplevingar og erfaringar som vil byggje ny og djupare kunnskap og ferdigheiter.

## **Barn og barndom.**

FN sin barnekonvensjon understrekar retten til god barndom. Vi ynskjer ein barnehage som tek vare på eigenverdien til barnehagen, som ser verdien av det dei opplever dei fyrste åra i livet. Barnehagen skal ha fokus på barndom, ikkje vere skuleprega. **LEIKEN** er viktig og skal ha stor plass!! Og barn skal få vere barn!

Barnehagen er og ei førebuing til aktiv deltaking i samfunnet og skal bidra til å leggje grunnlaget for eit godt liv. Vår årlege temafest er døme på aktivitet som bidreg til at barna får delta saman med andre, på eigne premissar og i ein prosess der dei jobbar fram og presenterer eit produkt. Basaren er eit anna døme der barna opplever å vere ein del av noko større. Dei får ansvar og dei får medverke.

## **Demokrati.**

Handlar myke om respekt for meininger og medverknad i barnehagen.

Eit godt døme er samlinga før 17-mai som handlar om kva demokrati betyr for oss, at det er viktig for at me skal ha det godt i landet vårt. Dei lærer kor viktig det er at vi vert hørt, og lyttar til kvarandre. Barna skal erfare at dei er ein del av eit større fellesskap, der dei hører til og må bidra.

Plassering av barnehagen gjev rom for besök til kommuneadministrasjon, fylkesadministrasjon og statsforvaltaren.

Ved val besøker vi vallokala og gjennomfører val i barnehagen.

Demokrati og eit inkluderande fellesskap fremjer god psykisk helse og barna får medverke i både små og store planar.

## **Mangfold og gjensidig respekt.**

Vi skal akseptere kvarandre for den vi er, noko som ligg sterkt forankra i verdigrunnlaget vårt. Vi skal syne interesse og anerkjening for ulike kulturar. Vi ynskjer å bidra til eit inkluderande fellesskap der alle livsval, familiestrukturar og livssyn skal ha plass. Vi vil ha ei tilnærming til kvarandre der likeverd, aksept og respekt vil vera grunntonen. Særleg jobbar vi med samane sin nasjonaldag. Dette er ei forlenging av temaet demokrati, urfolk sine rettigheter, nasjonaldag og identitet.

## **Likestilling og likeverd.**

Betyr for oss at alle får same mogelegheit og at vi verdset at vi er ulike.

Alt vi har av leiker og utstyr er tilgjengeleg for alle og vi legg ikkje opp til «guteaktivitetar og jenteaktivitetar.»

Vi jobbar mykje med eigne haldningar og reflekterer over kva vi syner og seier til barna.

Viktig å være oppmerksame på deira kjensler og unngå favorisering av type klede, sko eller utstyr barna har på seg eller med seg.

Vi skal vere rollemodellar som fremjer positive haldningar til alle typar mangfold.

## **Bærekraftig utvikling.**

Vi skal fremje lærdom om naturen, om dens eigenverdi og om allemannsretten. Vi ynskjer at barna skal finne glede i å ferdast i naturen, og at dei lærer kva ressursar den byr på. Naturvern og gjenbruk er dagleg ein del av innhaldet i barnehagen. Implementert i denne læringa besøker vi SIMAS, vi lagar nytt av gammalt og vi kjeldesorterer alt avfall.

## **Livsmestring og helse.**

Barnehagen skal fremje barna sin fysiske og psykiske helse. Barnehagen skal bidra til barnas trivsel, livsglede, meistring, kjensle av eigenverd og førebyggje krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever krenkingar eller mobbing må barnehagen handtere, stoppe og følgje opp dette (Rammeplan 2017). Sjå avsnitt om regional satsing og prosjekt.

Vi ynskjer å støtte og hjelpe barna slik at dei kan få ei god sjølvkjensle og vert robuste individ. Legge til rette for god motorisk utvikling, allsidig aktivitet og gje dei tilpassa utfordringar er viktig. Dei må få oppleve å bli kjend med eigne og andre sine kjensler og øve seg på å handtere utfordringar og motstand. Humor og glede er avgjerande for å ha det godt saman og skal prege dagane våre. Vi har fokus på sunn mat og gode helsevanar. Vi gir stor plass til måltida i barnehagen, der både det å lage mat (inne og ute) og sjølve bordsituasjonen er viktige arena for samvær, oppleveling og læring. Uansett kva vi planlegg eller organiserer skal god tid ligge til grunn.

## Læringsmiljøet er avgjerande for det pedagogiske arbeidet vårt i praksis.

Vi har over tid jobba for å finne ei organisering av dagen som dempar stress og som gir ein kvardag med rom for mange og gode opplevingar. Å ha eit medvite forhold til dagsrytme og rutinar gjer at vi kan vere fleksible og opne for alternativ organisering av dagane. Ved å ha ei fleksibel tilnærming oppnår vi at stress ikkje får setje rot.

Vi jobbar for å vere eit inkluderande og fagleg personale med takhøgd for ulikskapar.

Vi ynskjer å vere naturlege vaksne for barna som blandar fag og sunn fornuft i våre eigne personlege og ulike veremåtar. Då får vi gode aktivitetar der barn får oppleve forskjellige vaksne med felles køyrereglar.

Kvar dag tek vi mange val som er avgjerande for korleis situasjonar blir for barn, personale og foreldre.

Vi treff ikkje kvar gang, men gjer alltid val ut frå kva vi trur og meiner er best for det einskilde barn og med omsyn til gruppa som heilskap. God psykisk helse er der menneskjer trivast saman, der vi har arbeidsoppgåver som gjev mening og der vi tek vare på kvarandre.

Stabilitet og engasjement er avgjerande - då er det aller meste mogeleg. Ingenting varar evig og alt må kontinuerlig jobbast med, vurderast, utviklast og vedlikehaldast. Barnehage som organisasjon er lite definert både faglig, strukturelt og i høve bemanning - kvaliteten er mykje opp til våre val og korleis vi brukar rammene våre.

Saman med foreldre har vi eit felles ansvar for å drive ein god barnehage. Open dialog, felles fokus på kva som er viktig, framsnakke val vi gjer og medverke saman, er avgjerande for at barnehagen vert eit godt supplement til heimen. Det gode samspelet og dialogen mellom foreldre og barnehagen er avgjerande for barnet sin totale livskvalitet.

Vi har alle eit felles hovudmål -at barna skal trivast og ha det trygt og godt.

## Progresjon

Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehagen sitt innhald, og barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgruppe får variert høve til leik, aktivitetar og læring. Personalaet skal utvide og byggje vidare på barnas interesser og gi dei varierte erfaringar og opplevingar. Barn skal få utfordringar som er tilpassa erfaringane, interessene, kunnskapane og ferdighetane sine (Rammeplan 2017).



## BARN S MEDVERKNAD OG VAKSENROLLA - Å MØTE BARNET SOM SUBJEKT

(Jfr. Rammeplan s 27 og FN` s barnekonvensjon art.12 nr.1)

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen.

Ein skal vektlegge synspunkta til barna i samsvar med alder og modenheit.

Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta.

Det å la barn medverke handlar for oss om å vere medvitne vårt syn på barn. Somme ting må vi vaksne bestemme. Barn sin medverknad i rammeplanperspektiv ser barn som subjekt, som del av eit fellesskap - ikkje som større grad av sjølvsentrering.

Barnehagen skal ha eit miljø der barn får vere barn med vaksne grenser og val som vi tek utifrå alder, progresjon og korleis vi kjenner einskiltbarn og gruppa.

**Det kan vere vanskeleg med for mange val for barna. Barna får medverke på denne måten:**

- Vaksenrolla er avgjerande. Vår merksemd og observasjon har mykje å seie for at barna sine interesser, tankar og meininger skal fangast opp. Særleg med tanke på å lese behova til dei yngste barna.
- Vi skal vere medvitne dei reglar som er i barnehagen. Dette diskuterer vi jamleg, og vi er obs på at barna skal få ein forklaring dersom det er ynskjer/ ting dei vil gjere som vi må sei nei til.
- Omsynet til andre barn eller gruppa som heilskap ligg ofte til grunn for eit avslag. Å setje andre sine behov inn i eigen kontekst gir god øving til å bli eit robust barn.
- For at barna skal få medverke i eigen kvardag må vi kjenne dei godt. Språk, kroppsspråk og kjensler dei syner seier noko om korleis dei har det i barnehagen. Her ligg vårt utgangspunkt for endring og justering i høve deira ynskjer.
- Behov barna har skal styre våre val kvar dag og vi skal vere fleksible og gripe sjansen for spontane opplevingar.
- Barna får vere delaktige i ulike gjeremål gjennom dagen utifrå behov og ynskje.
- Det barna syner interesse for innanfor tema og prosjekt, veg tungt for kva fokus vi skal ha.
- Dette sjåast att i dokumentasjon og vurderingsarbeidet vårt. Vi seier at den faglege ramma er laga av personalet, men barna styrer mykje i prosessen, framdrifta og resultatet.



# Pedagogiske medarbeidrarar:



**Framme frå venstre:** Kari Stang (assistent), Edith Valeberg Eggum (dagleg leiar/assistent), Kamila Budarczyk (fagarbeidar),  
Inger-Lise Knudsen (pedagogisk leiar), Esknder Gebremehin Resom (fagarbeidar)

**Bak frå venstre:** Hilde Valvik Menes (styrar), Adam Grepstad Røysum (lærling), Kjersti Villand (Barnehagelærar),  
Lillian Bruheim (pedagogisk leiar), Karoline Bjørkum (fagarbeidar) og Camilla Njøs (barnehagelærar).

**Høgre hjørne:** Kari Gjengedal (assistent)

# FORELDRESAMARBEID

Foreldra er viktige samarbeidspartnalar for oss. De kjenner barnet best og kan hjelpe oss slik at barnet får det best mogeleg i barnehagen. **Barnet sitt beste** er der foreldre og personale jobbar saman om felles mål og har fokus på viktige utviklingsområder i barna sine liv. Vi har felles ansvar for å få til ein god barnehage der læring og utvikling er i fokus.

Det er ulike typar foreldresamarbeid:

**Den daglege kontakten:** Utveksling av informasjon og episodar er viktig i kvardagen. Ved å prate saman om morgonen/ettermiddagen byggjer vi opp eit gjensidig forhold til kvarandre, noko som igjen gir tryggleik for barnet.

**Startsamtales:** Når eit barn byrjar som ny i barnehagen, har foreldra samtale med styrar der vi deler forventningar, vert kjende og legg grunnlaget for år med samarbeid.

**Foreldresamtalar:** Vi ynskjer individuelle samtalar med foreldra der vi kan snakke om barnet si utvikling og trivsel i barnehagen.

Vi legg tilrette for to samtalar i året, ein på hausten og ein på våren. Vil de ha ein prat utanom dette, ordnar vi sjølvsagt det.

**Foreldremøte:** Gjensidig informasjon for å få avdelinga/barnehagen til å fungera best mogeleg. I utgangspunktet er det to møter i året, eit på hausten og eit på våren.

**Foreldretreff:** Barnehagen arrangerer FN-basar, sommar- og julefest, påskefrukost, dugnad og liknande. Her vil foreldra få anledning til å møte andre foreldre og vera saman med barna ei liten stund i barnehagen.

**Arbeidsutval AU:** Foreldra sitt arbeidsutval, består av to/tre valde representantar frå kvar avdeling. I tillegg kan det veljast fest- og dugnadsnemnd som har ansvaret for å arrangera festar og ulike aktivitetar i barnehagen.

**Oppgåver/mål:**

1. AU skal fremja fellesinteresser til foreldra.
2. AU skal bidra til eit godt samarbeid mellom barnehage og foreldregruppa.
3. AU skal ivareta medråderetten og uttaleretten til foreldre ved å drøfte saker som kjem både frå foreldre og barnehagen.
4. AU skal stå ansvarleg for ulike aktivitetar/arrangement i barnehagen.

**Samarbeidsutval:** I tillegg til AU har me SU som er barnehagen sitt samarbeidsutval. Askedalen barnehage har eige samarbeidsutval. Utvalet skal bestå av to representantar frå AU, to representantar frå dei tilsette, to representantar frå eigar og ein representant frå kommunen. Styrar har møte- og talerett og er referent.

**Oppgåver/mål:** Samarbeidsutvalet skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Saker til SU kan t.d. vera godkjenning av årsplanar, betalingssatsar, budsjett, avvikling av ferie, opningstider m.m. Hovudoppgåva til SU er å sikra samarbeidet mellom heim og barnehage.

Eigar av barnehagen skal sjå til at det vert informert om saker av betyding, i AU og samarbeidsutvalet.

## Andre samarbeidspartar

Barnehagen er forplikta til å ha eit nært samarbeid med andre instansar som arbeider med barn.

Dette gjeld spesielt PPT, skulen, helsestasjonen og barnevernet. Her i barnehagen har vi ressursteam der vi kan drøfte generelle problemstillingar eller spesielle enkeltsaker med samtykke frå foreldre eller evt. anonymt. Alle som arbeider i barnehagen har opplysningsplikt til barnevernet. Dette betyr at vi er forplikta til å melde frå viss vi er bekymra for eit barn.

Dette skjer så langt det er mogeleg i samarbeid med barnet sin heim.

Frå 2021 har vi hatt faste møte med PPT og helsejukepleiar i barnehagen kvar månad. Saman er vi eit fagteam som skal styrke barnehagen som system. Målet er at vi skal nytte tverrfagleg fagkompetanse på ein betre måte slik at barna får tidlig, god og nødvendig hjelp.

Vi har vidare eit tett samarbeid med skulen for å sikre barna god overgang og skulestart. Det er eigne planar for dette samarbeidet som startar i september siste året dei går i barnehagen .



### Læringssyn

Vi må sjå fagområda og utviklingsområda til barn i samanheng og vi ynskjer praktisk tilnærming til faga- det vi gjer saman og det vi må samarbeide om og der vi kan vere ulike.

Årsplanen må sjåast i heilskap. Gjennom planen vil vi formidle korleis vi tenkjer, val vi tek og korleis vi handlar utifrå dei rammer vi har.

**HUKS!**  
**2023/2024**

**Dei 5 planleggingsdagane dette barnehageåret er:**

**11 og 14 august 2023  
3 november 2023  
2.januar 2024  
10 mai 2024**

**Barnehagen er stengd desse dagane**



### Kinodag i Sogndal:

Skulekameratane dannar sitt eige kor. Dei har eit felles sangrepetoar, og i januar framfører dei på scena i Sogndal kulturhus på kinodagen. Å framføre saman gir kime til gode felles opplevingar, og styrking av sjølvkjensla.

### Pulverhekса.

Pulverhekса har stor plass i barnehagen vår og har i fleire år vore veldig populær blant barna.

Det finnест ei rekke bøker om Pulverhekса. I bøkene møter vi Pulverhekса og hennar to beste venner: Katten Hokus og kråka Pokus. I tillegg møter vi Politimannen, Tyven, Krokodillen, Suppegjøken og Småtrolla. Handlinga vert ofte sett i gang av eit problem som Pulverhekса hjelper til med å løyse, både gjennom kløkt og magi. Når problemet er løyst er alle glade, og ting kan attter gå tilbake til det normale. Bøkene vert avslutta med fest for alle vennene, og at Pulverhekса, Hokus og Pokus kan gå og leggje seg.

Ho dukkar opp når vi minst ventar det og gjer dei raraste ting. Ho gjev oss oppdrag, ho lagar mat til oss på Njøs, tryller mjølk til sjokolademjølk og vi skriv brev til ho som ho svarar på. Ho heng alt frå pølser til mango i treet på Njøs. I påsken skjer det ofte eit påskemysterie og når ungane siste året overnattar på Kleppa, skjer det at ho syner seg så vidt og kjem med gåver. Ho er veldig folkesky og held seg på avstand. Det er mykje spenning, opplevingar, glede og læring med å kjenne til Pulverhekса og ungane hugsar ho langt opp i skulealder.



## **BARNEHAGEN SKAL IVARETA BARNAS BEHOV FOR OMSORG:**

I vår barnehage skal alle barn oppleve å bli anerkjent, forstått og respektert og få den hjelp og støtte dei har behov for. Personalelet skal ikkje berre arbeide for eit miljø som gjev omsorg, men og verdsette barna sine eigne omsorgshandlingar. Dette krev at vi kjenner alle barna godt. Vidare er ein stor del av omsorga å ivareta barnets behov for fysisk omsorg, trøyst, oppmuntrande ord og handlingar og behov for kvile med avsatt tid til det i dagsrytmen. Dei skal oppleve tryggleik og tilhøyra og ikkje minst det å bli sett.

## **LEIK, SOSIAL KOMPETANSE OG VENSKAP/RELASJONAR**

Venskap formast tidleg. Allereie i løpet av barna sine to første leveår kan vi sjå at enkelte barn søker mot kvarandre og føretrekk å leike saman. Viktige relasjonar vert bygd i desse første åra av eit barn sitt liv. Barna må lære seg kunsten å leike for å skaffe seg vener.

Difor må leiken ha stor plass i barnehagen.

Alle barn har behov for å leike, og leiken er viktig for at dei skal kunne utvikle seg. I leiken tileignar dei seg viktige sosiale erfaringar, som t.d. samarbeid med andre, inkludere andre, innordne seg etter reglar, sjølvhevdning, språklæring, lytting og kunnskapslæring.

Det å omgå andre er kanskje det viktigaste barn lærer i barndommen. **Barnehagen skal ivareta leiken og gje den stor plass!**

Sosial kompetanse handlar om å lære sosiale kodar, og å vite korleis ein skal oppføre seg. Barn som veit korleis dei skal forholda seg til andre, klarar seg betre enn dei som bryter normene og vert oppfatta som usympatiske.

Noko av det viktigaste vi lærer barna er å dele, vise empati, lytte og samarbeide. Barn som lærer å dele og vise omtanke, vil forstå korleis andre har det.

Barn som kan samarbeide får det betre saman med andre, dei lærer å strekkje seg, står på sitt og finn løysingar i fellesskap. Barn som har lært å lytte, vil bli oppfatta som ein person det er lett å være saman med. Sjølvkontroll: Å vente på tur. Sjølvhevdning: Stå for eigne meininger. Dette er og områder vi har særlig fokus på.

Eit aktivt og tydelig personale er naudsnt for å skape eit varmt og inkluderande miljø. Anerkjenning og støttande relasjonar er eit viktig grunnlag for utvikling av sosial kompetanse. Systematisk observasjon blir brukt for å sikre eit godt læringsmiljø.



## Solidaritetsarbeid - Barnehjelp Afrika

Barnehagen samlar inn pengar til Barnehjelp Afrika sine barnehageprosjekt. Vi kan nytte ressurspersonar i bygda med kjennskap til tiltaket. Samarbeid vil gje barna ei nærmare oppleving av solidaritetsarbeid. Gjennom bilete, samlingar, brev og gåver vert vi kjende med barna. Den eine barnehagen heiter Nyezane Creche og vart opna i januar 2008. Den ligg utanfor Eshowe i Zululand. Vi vil bruke markering av FN-dagen til samarbeidet.



## TRAFIKK OG TARKUS



### **"Trafikksikker barnehage"**

Alle barnehagane i Leikanger skulekrins samarbeider med Trygg Trafikk. Bilbeltedyret Tarkus vert nytta i det pedagogiske arbeidet. Målet er at barnehagen skal vera trafikksikker og skape gode haldningar. Trafikksikker barnehage har fokus på bruk av refleks, bruk av sykkelhjelm, korleis me skal ferdast i trafikken og kva reglar som gjeld for sikring i bil. **Askedalen barnehage** er "trafikksikker barnehage" og det forpliktar personalet, foreldre og barn til å gjera enkle og viktige trafikktryggingstiltak som er nedfelt i eigen brosjyre. Denne vert vedteke i barnehagen sitt samarbeidsutval - SU.

På nettsida til Trygg Trafikk og Barnas Trafikkklubb kan ein finna nyttig informasjon.

## NATURVAKT



Revegruppa er barnehagen sine naturvakter. Naturvakt er eit aktivitetsprogram utvikla av Norsk Friluftsliv der barna mottek oppgåver som må løysast. Gjennom desse oppgåvene lærer barna om allemannsretten og dei får bruke naturen som læringsarea for kunnskap og meistring. Barnehagen ynskjer å skapa haldningar til å ta vare på naturen som vi er ein del av.



### **Berekraftig utvikling**

Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Barnehagen har difor ei viktig oppgåve i å fremje verdiar, haldningar og praksis for eit meir berekraftige samfunn. Barnehagen skal leggje grunnlag for barna si evne til å tenkje kritisk, handle etisk og vise solidaritet. Barna skal få erfaring med å gi omsorg og ta vare på omgivnadene og naturen (Rammeplan 2017).

# OKTOBER



Det er haust og barnehagen har som tradisjon å bruke dei ulike årstidene som utgangspunkt for tema og opplevingar.  
Vi startar opp gym i "Saften" neste månad.

Veke	Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
39	Skulen har haustferie i veke 41. Gi gjerne melding til avdelingane dersom de planlegg fri.					1	
40	2	3	4	5	6	7	8
41	9	10	11	12	13	14	15
42	16	17	18	19	20	21	22
43	23	24 Vi markerer FN-dagen med basar 14.30-16.30	25	26	27	28	29

# NOKO AV DET ME GJER UTANFOR PORTEN I ASKEDALEN BARNEHAGE

## - Nærmiljø og samfunn



### GYM I LEIKANGERHALLEN ("SAFTEN")

På onsdagar nyttar vi hallen til gym. I utgangspunktet skal alle på gym, men nokre gonger har grupper andre prosjekt. På gymmen brukar vi å variere mellom barneinitierte aktivitetar og vaksenstyrt regelleik og ballspel. Første gym blir onsdag 1. november.

### BIBLIOTEK

I samband med gym på onsdagar vil vi nyte biblioteket til boklån og her har vi også moglegheit til å eta lunsj.

Barnehagen har fri tilgang til å bruke biblioteket etter eige behov uavhengig av opningstid. Bøker er viktig i arbeid med språkstimulering og har stor plass hjå oss. Gjennom nettverket -Kommunikasjon, språk og tekst har vi lært "Dialogisk lesing" som er blitt en del av innhalten i kvardagen.

### NATURLEIKEPLASSEN PÅ NJØS

Vi er så heldige å få nytte det flotte naturområdet på Njøs. Der har vi fritt spelerom og brukar mykje av utetida vår. På området utviklar vi stadig vår eigen naturleikeplass og ungane deltek i prosessen. Turen opp er ca. 10 min å gå og vi treng ikkje ut i hovudvegen. Vi nyttar uteplassen til å sjå endringar som skjer i naturen gjennom dei ulike årstidene. Til no har barn og vaksne laga utedo (bio-do) med vegg, gapahuk, bålpass og hytte. Vi har sklie der og bålpanne til matlaging og elles mange natureikeapparat som dannar ei hinderløype. Rundt omkring har me flotte figurar frå "Dyrrene i Hakkebakkeskogen" som gir inspirasjon til spanande leik og song.

### FELLES SAMLING

Fleire gonger i månaden har vi songsamling i barnehagen. I samlingane nyttar me gitar og gjerne andre instrument. Vi syng songar som er knytt til tema men også songar som ungane har ønskje om å lære. Av og til opptrer ungane med song ilag eller åleine. Vi har felles samlingar på heile huset. Der varierer vi mellom eventyr, dramatisering og historieforteljing, og song er naturleg og viktig del av formidlinga og opplevinga.

### SENTRUM

Når vi har ulike ørrend i sentrum er ungane med. På butikkar, verksemder og ulike kontorbygg vil bygda sjå delaktige ungar. Vi ønskjer å involvera oss i det daglege miljøet i sentrum, lære dei korleis samfunnet fungerer og vi tykkjer det er viktig at ungane får varierte opplevingar som gjenspeglar storsamfunnet rundt oss.

### TURAR

Vi har eit godt utgangspunkt for allsidige turar. Ofte ser ein grupper av ungar frå Askedalen som går rundt omkring med gule refleksvestar. Det er viktig både for kropp og sjel å bevege seg utanfor barnehagen sitt område. ...og så er det godt å koma "heim". Opplevingar i nærmiljøet gjev barna forståing for korleis samfunnet fungerer, og ei stadfesting av at dei er del av dette.

Denne månaden vert  
det foreldresamtalar  
for alle.

Overgang frå haust til vinter.  
Vi håpar at det vert mykje snø  
slik at ungane kan boltra seg  
i vinterleik og vi får skidag på  
Kleppa. I november startar  
og juleførebuingar.



# NOVEMBER

Veke	Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
44	30.10	31.10	1	2	3 <i>Planleggingsdag. Barnehagen er stengd.</i>	4	5
45	6	7	8	9	10 <i>Frist for registrering av juleferie</i>	11	12
46	13	14	15	16	17	18	19
47	20	21 <i>Julevandring for 2019-kullet.</i>	22	23 <i>Sansevandring for 2020-kullet.</i>	24	25	26
48	27	28	29	30			

# \*Desember i barnehagen\*

Jula i barnehagen ynskjer vi skal vera ei stemningsfull og roleg tid for barna. I desember har vi felles **adventsstund**, der snakkar vi om kvifor vi feirar jul og om alt som har med jula å gjere. Vi tenner lys, syng adventsvers og julesongar.

Desember er som regel fylt med forventningsfulle og spente barn. Samtaleemne og undringar er det ikkje mangel på. På avdelingane har vi **julekalender** der vi tel ned dagane til julafta og **julebaksten** krydrar kvardagen gjennom heile månaden.

For å få ei fredeleg førjulstid i barnehagen, startar juleførebuingane tidleg. Peparkakebaking og **juleverkstad** vert både i november og desember.

13.desember er det **Lucia** og dette er ei stemningsfull hending i barnehagen. Med kvite klede, song og tende lys går barna i Lucia-tog og delar ut lussekattar som dei har baka.

Ein anna tradisjon i desember er **nissefesten**. Denne dagen er barnehagen fylt med både små og store nissar. Vi går rundt juletre og kanskje kjem nissen i år også....

I desember er det tradisjon med julesong og treff i kyrkja saman med dei andre barnehagane. Saman med prest vil vi mellom anna syngje inn jula, delta på sansevandring, adventssamling og oppleve juleevangeliet.



**13. desember** markerer vi Lucia-dagen. Då bakar vi lussekattar og går i Luciatog.

# DESEMBER



## Julesong i barnehagen:

Songar frå Linus i Svingen  
På låven sitter Nissen, Glade Jul, En stjerne skinner i natt, Eit barn er født i Betlehem, O Jul med din glede, Musevisa, Julekveldsvisa, Adventsvers m.m. 😊

Veke	Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
48					1	2	3
49	4	5	6	7 Adventssamling i kyrkja	8	9	10
50	11	12	13 Markering av Lucia	14	15 Nisselfest	16	17
51	18	19	20 Julebord i fjøsen til Sverre	21	22	23	24 Julaftan! <b>GOD JUL</b>
52	25 1. juledag	26 2. juledag	27	28	29	30	31 Nyttårsaftan

# Døme på korleis ein aktivitet i barnehagen inneheld alle 7 fagområda



## Kommunikasjon, språk og tekst

- brukar språk til å skape relasjonar og delta i leik, og som reiskap til å løyse konfliktar.



## Kunst, kultur og kreativitet

- brukar fantasi, kreativ tenking og skaparglede
- bruker ulike teknikkar, materiale, verkty og teknologi til å uttrykkje seg estetisk

# UTEOMRÅDET PÅ NJØS



## Kropp, rørsle, mat og helse

- opplever trivsel, glede og mestring ved allsidige rørsleerfaringsar, inne og ute, heile året.
- får innsikt i kvar maten kjem frå, matproduksjon og vegen frå mat til måltid.



- ## Natur, miljø og teknologi
- får kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lærer av naturen og utviklar respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen
  - lagar konstruksjonar av ulikt materiale og utforskar kva moglegheiter reiskapar og teknologi kan by på.



## Etikk, religion og filosofi

- utviklar interesse og respekt for kvarandre og forstår verdien av likskapar og ulikskapar i eit fellesskap. Filosoferer over det vi oppdagar i naturen.



## Nærmiljø og samfunn

- erfarer at alle får utfordringar og like høve til å delta
- utforskar ulike landskap, blir kjende med institusjonar og stader i nærmiljøet og lærer å orientere seg og ferdast trygt.



## Mengd, rom og form

- erfarer og samanliknar storleikar i omgivnadene
- bruker kroppen og sansane for å utvikle romforståing





Januar er ofte ein roleg og god månad i barnehagen med mykje leik og læring.  
Forventningar og spenning til jul er over og fokus er her og no.



# GODT NYTT ÅR!! JANUAR

Veke	Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
52	Dei siste åra har vi arrangert kinodag i kulturhuset der vi inviterer barnehagane i Sogndal.		På hausten har vi førebudd temafest. Denne månaden skal vi lage kulissar og øve til den store festen!				
1	1 <b>Nyttårsdag</b>	2 <b>Planleggingsdag. Barnehagen er stengd!</b>	3	4	5	6	7
2	8	9	10	11	12	13	14
3	15	16	17	18	19	20	21
4	22	23	24	25	26	27	28
5	29	30	31				

# Temarbeid i barnehagen

Barnehagen jobbar med gjennomgåande tema utifrå det vi ser er bra læringsaktivitet for gruppa og utifrå barna sine interesser. Døme på tema vi har hatt er Astrid Lindgren, Thorbjørn Egner, Alf Prøysen og Disney. Temaet er knytt opp mot dei ulike fagområda våre.

I fjor var temaet vårt verdrommet. Ulike aldersgrupper arbeider fram eigne framsyningar - **progresjon**.

Bøker, forteljingar, kunst og handverk, lydbøker, song, film og rollespel er døme på prosessaktiviteter innan tema. Barna får øve seg på samarbeid, kommunikasjon, problemløsing, kreativitet og å vere del av eit fellesskap. Dei ulike aldersgruppene vel ut sine tema basert på interesser og motivasjon.



## Song og musikk - det er viktig det!!

Songar er ofte valt ut frå kva tema vi jobbar med. Vi syng både ute og inne, enkle og vanskelige songar. Musikk er viktig. Musikk gjer oss glad. Musikk gir samhald og utgjer ein stor del av våre framsyningar.

Gjennom gode opplevingar og leik vil dei 7 fagområda i rammeplanen verte ein naturleg del av kvardagen vår.

Vi vil jobbe slik at opplevingar er utgangspunktet for å nå læringsmål.

Alt har ein samanheng og vi har eit heilskapleg syn på læreprosessar. Vi har tru på enkle og oppnåelege mål for barna.

Heile personalgruppa har vore gjennom ei kompetanseheving i høve dei sju fagområda. Denne kompetansen dannar grunnlaget for kven og korleis ein møter nye faglege utfordringar og impulsar ved at ansvaret blir fordelt ut i frå dei tilsette sin spisskompetanse. Slik sikrar vi god kvalitet i alle utviklingsarbeid.





### Kulturarbeid i barnehagen:

- Kinodag i Sogndal kulturhus med sceneopptreden og film
- Temadag i barnehagen der barna dramatiserer eigne kulturelle innslag
- Særleg fokus på samisk kultur
- Bruke kulturkunnskap vi har tilgang på i barnegruppa
- Eksperimentere og lytte til songar frå andre land med språket som utgangspunkt for kulturell lærdom

# FEBRUAR

Vewe	Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
5	Fint om de gir beskjed dersom nokon tek fri i skulen sin vinterferie i veke 8.			1	2	3	4
6	5	6 Markering av samefolkets dag 	7	8	9	10	11
7	12	13	14	15	16 Temafest og fastelavn i barnehagen.	17	18 Fastelavn
8	19 Skulen har vinterferie	20	21	22	23	24	25
9	26	27	28	29		Søknadsfrist for å søkje barnehageplass er 1. mars	

## Askedalen Ninjago Avis

Vi er framleis i eit utviklingsprosjekt innan IKT i arbeid med barn.

Vi fekk tildelt REKOMP-midlar frå statsforvaltaren i Vestland i 2020, og skaffa oss teknisk utstyr.

REKOMP-midlar blir brukt til kompetanseheving hjå personalet, på område der barnehagen sjølv har meldt inn behov. Framover bruker vi tida til å kartlegge kva pedagogiske appar og program vi ynskjer innan dei ulike fagområda.

Særleg innan språkutvikling i første omgang. I Askedalen har vi ei avis som avdelinga Nede nyttar aktivt i sitt arbeid innan IKT.

Her er MEDIA plattformen for utforsking, kreativitet og produksjon.

Barna tek bilerter, jobbar som journalistar og historieforteljarar.

Sogn Avis er det store idolet, og den les vi saman titt og ofte.




### Lokalhistorie:

Vi nyttar lokalhistorie frå bygda og regionen vår for å byggja identitet og historisk forståing. Å vandre i tid gir kime til abstrakt tankegang, og bruk av fantasi. Harald Hårfagre, som vaks opp på Husabø, er eit velkjent utgangspunkt for den historiske reisa. Barna får kjennskap til livet som har vore, og til forfedrar som har prega historia vår. Interesse og motivasjon styrer innhald og prosess, medverknad frå barna viser veg i dette arbeidet.

## PÅSKETRADISJONAR 😊

Det er naturleg at barnehagen på ein enkel måte forklarar barna kva påska står for. Dei får eit lite innblikk i både alvoret og gleda i feiringa.



Rammeplanen anbefaler å nytta enkle forteljingar og at vi seier noko om dei ulike dagane i påska.

Vegard prest og ansvarleg for trusopplæringa, Birte, besøker oss før påske. Vi får innblikk i historia slik vi kjenner den i vår kultur, og næmnet på dei ulike dagane i påsken er den raude tråden. Formidlinga ber ikkje preg av forkynning, men oppmodar til undring, refleksjon og filosofi.

**Etikk, religion og filosofi.**  
Gjennom arbeid med etikk, religion og filosofi skal barnehagen bidra til at barna får kjennskap til grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon (Rammeplan 2017 s, 54).

A newspaper clipping from 'Sogn Avis' dated Friday 28 March 2023. The headline reads 'Vil snu oppfatninga av yrket'. The article discusses the Branang brand and its connection to the 'Blaafest' event, featuring photos of Vegard Prest and Birte Brøthen.

Artikkel frå Sogn Avis smars 2023

# MARS

## Påskesongar:

- \*Påskemorgon slukker sorgen
- \*På Golgata stod det ein kross
- \*Dine hender er fulle av blomar
- \*Eg går og samlar solskinn
- \*Eg har to hender og andre vårsongar.



Veke	Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
9					1 Frist for å søke barnehageplass!	2	3
10	4 Frist for å gi melding om barna sin påskeferie	5	6	7	8	9	10
11	11	12	13	14	15	16	17
12	18	19	20	21 Påskelunsj med presten.	22	23	24
13	25	26	27 Barnehagen stenger klokka 12.00	28 Skjærtorsdag	29 Langfredag	30 Påskeaftan	31 1. påskedag



## NATUR OG FRILUFTSLIV I ASKEDALEN

Barna skal få opplevingar i naturen slik at dei blir glad i den, likar og vera ute og vil ta vare på den.

- Gje barna opplevingar gjennom å brukha sansane sine - «Duggle».
- Auke barna sine motoriske ferdigheitar ved å ferdast i ulike terrengr.
- Skapa glede ved å ferdast mykje i naturen. Ta oss god tid!
- Skapa haldningar til å ta vare på naturen som vi er ein del av - eit begynnande naturvern.
- Bruke uteområdet på Njøs flittig, ha aktivitetar der og laga mat ute.
- Ha med utstyr som kan nyttast til leik og bygging.
- Syne barna ulike byggjeteknikkar med tau, pinnar, stein, spikke osb.
- Undersøkje plante-og dyrelivet, maurtue, insekt, småkryp.
- Samtale om det vi har opplevd ute.
- Samle inn materiell vi kan bruke til å skape ting i barnehagen.
- Ta bilete av det vi opplever til pedagogisk dokumentasjon.

### Å duggle:

Vi finn ofte fenomen i våre omgivnader me gjerne vil utforske. Barna er vande med at vi kan google for å finne svar. Vi prøver å vri denne trenden over til å ta i bruk heile sanseapparatet, observasjons- evnene og både logisk og filosofisk tankegang. Uttrykket har vi laga sjølve, med utgangspunkt i den velkjende pedagogiske læresetningen "Learning by Doing". Til dømes sjå, lytte, kjenne, samanlikne, telje og mykje meir.

### Kleppaveke og Kleppadagar

Ei veke i juni og tre-fem dagar om hausten nyttar vi hytta til Jakt- og fiskelaget og flyttar heile barnehagen opp på Kleppa. Utforskning, undring og leik i naturen er i fokus. Utflukter til froskedammen, Høgehaug, Frækaland og Rolftreet kan nemnast.

**Alle barnehagane i Leikanger** er i eit flott samarbeidsprosjekt med Jakt- og fiskelaget. Dei eldste ungane får på ein fantastisk måte oppleve fiske i nærmiljøet. Fangst og fiskemat i Pilaviki om våren. Sette garn og hente fangsten om hausten. Fangsten vert samla i kar der ungane får sjå og lære om livet i fjorden av dyktige jakt- og fiskelags karar. Etterpå behandler dei fangsten og lagar god fiskemat ute. Fiskestenger får dei og. **Takk til Jakt- og Fiskelaget!!**



I veke 17 er det foreldremøte  
for dei som har 1. klassebarn til  
hausten



# APRIL

Vewe	Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
14	1 2. påskedag Søknadsfrist SFO	2	3	4	5	6	7
15	8	9	10	11	12	13	14
16	15	16	17	18	19	20	21
17	22	23	24	25	26	27	28
18	29	30					

Sjølve dagen går barnehagen samla i 17.mai tog bak barnehagen si fane.

6-åringane held taua til fana. Foreldrerepresentantane har medansvaret for organiseringa. Foreldre går ilag med barna sine.



### Tur til Simas

Sjiraffene besøker miljøstasjonen Simas på Kaupanger. Her får dei omvisning på området og lærer om sortering, kvar bosset vert av og kva som skjer med det etterpå.



### Demokrati:

Meir mangfold og individualisering gir behov for demokratiforståing, respekt for ulikskapar og positive haldningar til å leve saman i fellesskap. Gjennom å delta i barnehagefellesskapet skal barna få sjansen til å utvikle forståing for samfunnet og den verda dei er ein del av (Rammeplan 2017).



### 17 mai på Njøs

Vi øver oss på å gå i 17.mai-tog nokre dagar før nasjonaldagen. Då et vi pølse og is. Vi syng nasjonalsongar, fortel om demokrati og kvifor vi feirar 17.mai. Vi jobbar og med fana vår. Tradisjonelle 17.mai leikar er høgdepunktet.



### ASKEDALEN BARNEHAGE



Fana er malt av Astrid Marie Sæle

Kwart barn har sitt eige bilet på fana! Dei er veldig stolte av fana si, så ta ein nær kik når den er framme!

# MAI

**BLOMSTERGUDSTJENESTE**  
 Saman med dei andre barnehagane vert vi invitert til kyrkja. Vi plukkar blomar, pyntar kyrkja og syng vårsongar. Så avsluttar vi med lunsj i prestegarden.



I tillegg til tema rundt 17 mai og vår, skal dei eldste på skule- og SFO besøk

Vewe	Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
18			1 Offentleg høgtidsdag	2	3	4	5
19	6	7 Innskriving i skulen	8	9 Kristi himmel-fartsdag	10 Planleggingsdag. Barnehagen er stengd	11	12
20	13	14 17.mai fest på Njøs :)	15 Overføringsmøte bhg-skule	16	17 Grunnlovsdag 	18	19 Pinsedag
21	20 2. pinsedag	21	22 Førskuledag klasserom	23	24	25	26
22	27	28 Jakt- og fiskedag i Pilaviki	29 Førskuledag -SFO	30	31		

## OVERGONGAR I BARNEHAGEN

Barnehagen skal i samarbeid med foreldre leggje til rette for at barn kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barna må få tid til å bli kjend, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og andre barn. Overgangar skjer også i barnehagen. Personalet skal også syte for at barn får tid og rom til å bli kjend med barna og personalet når dei byter avdeling og barnegruppe.

Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskapar og ferdigheter som kan gje dei eit godt grunnlag og motivasjon for å byrje på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigkeit og tru på eigne evne (Rammeplanen 2017 s.34).

Leikanger skulekrins har plan for samanheng og samordning av overgangane mellom dei ulike læringsinstitusjonane. Målet er at overgangen til skulen skal verte god og trygg.



1.klasse 2023

## OVERGANG BARNEHAGE-SKULE

- Skulekamerattreff for dei eldste i alle barnehagane i skulekrinsen. Ein dag i månaden gjennom heile året etter oppsett plan.
- Tilpassa overgang barnehage-skule etter behov både for einskildbarn og gruppe.
- Møte mellom styrarane om overgangen og dialog med rektor.
- Foreldremøte for skulekameratforeldre på hausten og på skulen før sommaren.
- Informasjonsskriv frå skulen til foreldre i starten av mars.
- Innskriving i skulen.
- Barna på besök på skule og SFO.
- Overgangssamtale barnehage - skule.
- Avslutning i barnehagen.
- Personleg brev frå skulen heim til borna.
- Hospitering for personale i barnehage og skule.
- Evaluering av overgangen.
- Samarbeid med 4. klasse på Leikanger barneskule. Desse elevane blir fadrar til skulestart 2023.



### Sommarfest

I mai/juni arrangerer foreldre sommarfest i barnehagen. I tillegg vil dei som skal byrje på skulen, få delt ut eit bilet med minner frå barnehagetida. Når det høver kombinerer vi sommarfesten med 17-mai øving.



## SPRÅKSTIMULERING

Småbarnsalderen er den grunnleggjande perioden for utvikling av språk.

Samhandling gjennom kommunikasjon og leik med lydar er ein vesentleg del av måten barnet nærmar seg andre menneske på. Barnehagen si oppgåve er å sjå til at alle barn får varierte og positive erfaringar ved å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne tankar og kjensler. Alle barn skal ha eit rikt og variert språkmiljø i barnehagen. Dei som har sein språkutvikling eller andre språkproblem må få tidleg hjelp. Barnehagane har særskilt fokus på barns språkutvikling/læring. I samarbeid med PPT ser vi nærmare på systemarbeid og behov for rettleiing slik at vi stadig kan utvikle språkmiljøet i barnehagen. Målretta og bevisst satsing på språk er førebyggjande for seinare lese- og skrivevanskar. Barnehagane i Leikanger har utarbeida eigen kompetanseplan og verktøy for arbeid med språk i barnehagen og har vore ansvarleg for regionalt nettverk på dette fagområdet.

## Kleppaveke.

Sommar og uteliv.

På denne årstida er vi stort sett ute heile dagen.



# JUNI

Vewe	Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
22	Kleppaveke og overnatting for dei eldste i veke 23.					1	2
23	3 Kleppaveke	4	5	6 Overnatting for dei eldste	7	8	9
24	10	11	12	13	14 Blomstergudste- neste	15	16
25	17	18	19	20	21 Siste skuledag	22	23
26	24	25	26	27	28	29	30

## DOKUMENTASJON OG VURDERING

Pedagogisk dokumentasjon er ein arbeidsmåte som handlar om å gjere pedagogisk arbeid synlig og open for dialog, diskusjon og innsikt. Dokumentasjon av barnehagens praksis blir til pedagogisk dokumentasjon når personalet og barna reflekterer over og diskuterer den. Korleis syner vår dokumentasjon.

- Vi vil aktivt nytte dataskjermene som kvar eining har til dokumentasjon i kvardagen og prosjekta våre.
- Kvart barn har ei eiga dokumentasjonshylle.
- Vår heimeside: [askedalenbarnehage.no](http://askedalenbarnehage.no)
- Vi arbeider kontinuerlig med å vurdere oss sjølv i forhold til dei måla vi set oss, og har ei større evaluering kvar vår.
- Personalet gjennomfører ståstadsanalyse av barnehagen sin kvalitet på innhald.
- Vi nyttar brukarundersøkingar blant foreldre annakvart år og evaluerer det foreldre meiner om barnehagen sitt tilbod.
- Foreldremøte og samtalar vil vere grunnlag for endring eller forbetring av praksis.
- Vi vil stadig tenkje nytt i forhold til dokumentasjon og informasjon. Lære oss nye program for å gjere dokumentasjonen meir effektiv, samt ein utvida bruk av [eBarnehage](#).
- I eiga Handbok for barnehagen har vi nedfelt våre vedtak.



### TEIKN PÅ EIN GOD BARNEHAGE.

- Ungane trivst i barnehagen
- Lite stress i kvardagen
- Foreldre er nøgde
- Glade og avslappa ungar
- Naturleg veremåte
- Tek ting opp etter kvart som dei oppstår
- Ser mogelegeheter
- Smil og latter

### SOMMARBARNEHAGE:

Om sommaren legg vi vekk vanlege rutinar og har lite planar. Barnegruppa er mindre store delar av sommaren. Dagane vert styrt av vær og vind og det vert mange turar både til sjøen, i bygda og i skogen.



# JULI

Veke	Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
27	1	2	3	4	6	6	7
28	8	9	10	11	12	13	14
29	15 Barnehagen er stengd heile veka	16	17	18	19	20	21
30	22 Barnehagen er stengd heile veka	23	24	25	26	27	28
31	29	30	31			GOD SOMMAR!!	

## Tilvenjing og oppstart.

Det viktigaste vi arbeider med, er å gjøre barna trygge og kjende i barnehagen. Barnehagen er som regel barnet sitt første store møte med andre vaksne og ikkje minst andre barn.

Barnehagen er også den første utdanningsinstitusjonen barnet blir kjend med. I Askedalen barnehage er vi oppteken av at dette møtet skal bli positivt og naturleg. Vi vil jobbe intensivt og målretta for at barna skal trivast og kjenne at dei hører til her.

For å gjøre tilvenninga lettare får barna ein voksen til primærkontakt. Primærkontakten skal sjå til at de får den hjelp og støtte de treng for at oppstart blir ei god og positiv oppleving. Det er viktig at vi brukar god tid der barnet først møter same voksen, for deretter å utvide tilknyting til resten av personalet på avdelinga og dei andre barna.

Det er stor skilnad på korleis barn reagerer på møtet med barnehagen. I samarbeid med foreldre tilpassar vi tilvenninga etter barnets behov, og til barnets beste. I løpet av den første tida i barnehagen skal foreldre få tilbod om ein samtale. Her er barnets trivsel og behov i fokus. I tillegg skal foreldre møte til startsamtale med styrar. Her legg vi grunnlaget for eit langt og viktig samarbeid, vi utvekslar informasjon og delar forventningar til kvarandre.

Dagsrytma er rekkefølgje på våre aktivitetar og rutinar. Turar og aktivitetar kan vare lenger enn tenkt om vi ser dei gir barna gode og lærerrike stunder. Barnas behov vil forme dagen. Dette er ein god arbeidsmåte mtp. mål vi har om medverknad og stressdemping.

## TØRRE BARN=GLADE BARN

Det er viktig at barna har gode og varme klede når vi er ute. Bevegelege klede gir småbarn gode og positive opplevingar av utetida. Dress og sko må ikkje være for tronge eller for store. Spør personalet om råd og pakkeliste - dei har god og lang erfaring.



## DAGSRYTMA VÅR

- Barnehagen opnar kl.07.30
- Frukost for dei som har med seg.
- Leik/ulike aktivitetar/grupper
- Lunsj startar mellom kl. 11.30-12.00
- Inne- eller uteleik/aktivitet
- Bleiebyting og soving/kvilestund
- Vaksne sine pausar
- uteleik/inneleik
- Fruktmåltid ca. 14.30
- Barnehagen stengjer kl. 16.30

Planlagde aktivitetar skjer stort sett i tidsrommet 09.30 til 14.30. Dersom de kjem når aktivitetar har byrja, må de oppsøke oss der vi er.



## BURSDAGSFEIRING:

Vi feira bursdagen til barna i barnehagen. Barnet er i fokus denne dagen. Vi heng opp flagg, dei får krune med namn og alder på, vi syng bursdagssong og barna får sjølve velje kva dei vil ha til festmat. I samling kan dei velje leik og songar.

Vi ønskjer at invitasjonar til bursdagsselskap skal delast ut privat, slik at dei barna som ikkje vert invitert slepp å konfronterast med dette.



## ÅRSTIDENE!

Store delar av innhaldet, aktivitetar og tradisjonar i barnehagen speglar dei ulike årstidene.

# AUGUST

Vewe	Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
31				1	2	3	4
32	5	6	7	8	9	10	11
33	12	13 Planleggingsdag. Barnehagen er stengd.	14 Planleggingsdag. Barnehagen er stengd.	15 Nytt barnehageår	16	17	18
34	19	20	21	22	23	24	25
35	26	27	28	29	30	31	

**Nyttige lenker:**

**Heimesida til Askedalen barnehage:** <https://askedalenbarnehage.no/index.html>

**Rammeplan for barnehagar:** <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>

**Lov om barnehagar:** <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>

**Betre Tverrfagleg Innsatst-BTI:** <https://sogndal.betreinnsats.no>





Tilvenjing og innarbeidning av gode rutinar er hovudfokus også denne månaden. Vi set av mykje tid til å verte trygge og fungere godt saman.

# SEPTEMBER

Vewe	Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
35	Denne månaden er det jakt- og fiskedagar for dei eldste  <b>TRAFIKK!! Vi vekkjer Tarkus opp frå sin djupe søvn!</b>						1
36	2	3	4	5	6	7	8
37	9 Klepppaveke 9.09-11.09	10	11	12	13	14	15
38	16	17	18 Jakt- og fiskedag	19 Jakt- og fiskedag	20	21	22
39	23	24	25	26	27	28	29

**Trivsel for liten og trivsel for  
stor**

